

Kvartalsrapport

3-2011



SpareBank
HALLINGDAL



Kommentarar 3. kvartal 2011

Konsernet

Konsernet omfattar morbanken og dei sju heileigde dotterselskapa SpareBank 1 Ål Eigedom AS, SpareBank 1 Hemsedal Eigedom AS, SpareBank 1 Gol Eigedom AS, SpareBank 1 Hallingdal Invest AS, EiendomsMegler 1 Geilo AS, Hemsedal Eiendomsmegling AS og Hemsedal Regnskap AS. Dotterselskapa har innverknad på enkeltpostar i konsernrekneskapen, men har mindre innverknad på konsernresultatet. Etter 3. kvartal er samla verknad på konsernresultatet frå desse selskapa eit overskot på 0,9 mill. kroner.

Banken eig 7,2% av Samarbeidende Sparebanker AS og 7,5% i Samarbeidende Sparebanker Bankinvest AS, som er felleskontrollerte verksemdar eigd av 13 mellomstore bankar i SpareBank 1 Alliansen. Samarbeidende Sparebanker AS eig 19,5% av SpareBank 1 Gruppen AS. Resultatandelen frå desse felleskontrollerte verksemdene inngår i konsernrekneskapen i tillegg til morbanken og dotterselskapa. Resultatet i dei felleskontrollerte verksemdene utgjer 14,8 mill. kroner av det samla konsernresultatet per 3. kvartal.

Morbanken

Resultatutviklinga

Banken har eit driftsresultat etter skatt per 3 kvartal på 29,2 mill. kroner som tilsvarar 0,68% av gjennomsnittleg forvaltningskapital. Resultatet er 20,2 mill. lågare enn tilsvarande periode i fjor, men resultatet i fjor var prega av ekstraordinære postar. I år verkar internasjonal finansuro inn og dreg resultatet ned.

Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter utgjer 77,8 mill. kroner mot 80 mill. i same periode i fjor. Rentenettoen i prosent av gjennomsnittleg forvaltningskapital er per 3. kvartal på 1,82%. I same periode i fjor var rentenettoen 1,90%. Rentenettoen er under press som følgje av høgare innlånskostnader og konkurransesituasjonen på innskot og utlån. Den gjer det vanskeleg å kompensere høgare kostnader på innskot og innlån gjennom auka inntekter på utlån.

Banken har overført ein del av bustadlåna til SpareBank 1 Boligkreditt AS. Banken får provisjon på desse låna frå boligkredittselskapet. For å få eit komplett bilete av rentenettoen, bør ein leggje til desse provisjonsinntektene i nøkkeltalet for rentenetto. Så langt i år utgjer provisjonane 0,03% av gjennomsnittleg forvaltningskapital. Rentenetto og provisjonsinntektene frå overførte lån til Boligkreditt utgjer til saman 1,85% av gjennomsnittleg forvaltningskapital mot 1,96% i same periode i fjor.

Netto andre driftsinntekter utgjer 34,5 mill. kroner mot 49,7 mill. i same periode i fjor. Den store forskjellen kan forklarast med at i fjor hadde banken ei stor inntektsføring i samband med fusjonen mellom danske PBS og norske Nordito. I år har børsutviklinga ført til at banken har skrive ned verdien på aksjeporteføljen, og som gjer at resultatet viser eit nettotap hittil i år på 2 mill. kroner mot ei inntekt på 7,1 mill. i fjor.

Driftskostnadane etter 3. kvartal aukar frå 54,5 mill. i fjor til 65 mill. kroner i år. Den store auken skuldast ei omlegging i føring av pensjonskostnader i fjor som førte til ei tilbakeføring av 8,9 mill. i avsetningar og som var ei eingongsføring. Korrigert for dette aukar lønskostnadane hittil i år med 0,4 mill. Administrasjonskostnader aukar med 1,1 mill. kroner, medan andre kostnader er om lag uendra. Kostnadsutviklinga er mindre enn forventa.

Resultatrekneskapen viser ein netto tapsekostnad på 5,5 mill. kroner, og er litt mindre enn same periode i fjor. Banken har ikkje konstaterer nye tap i perioden, men har inntektsført kr 179.000 i innkome på tidlegare konstaterer tap. Nedskrivningar for tap hittil i år utgjer 5,7 mill. kroner.

Balanseutviklinga

Banken har ved utgangen av 3. kvartal ein forvaltningskapital på 5.605 mill. kroner. Forvaltningskapitalen har auka med 0,32% siste 12 månader.

Utlånsvolumet har som i tidlegare i år ei nokså flat utvikling. Totale utlån ved utgangen av 3. kvartal er 5.052 mill. kroner, noko som er 94 millionar meir enn for eit år sidan. Omrekna i % er veksten 1,9% siste 12 månader. I bedriftsmarknaden har banken ein nedgang på 7,2%, medan personmarknaden har ein vekst på 7,5% siste 12 månader. Samla utlånsvest siste 12 månader inkludert overførte lån til Boligkreditt er 2,4%. Banken si relative balanseeksponering mot bedriftsmarknaden er 34,9% av samla utlån. Utlån til privatmarknaden utgjer 65,1%.

Sum engasjement som er misleghalde lengre enn 90 dagar utgjer per 3. kvartal 151,7 mill. kroner av utlånsvolumet. Dette misleghaldet utgjer 3,0% av brutto utlån og er på eit høgare nivå enn ønskjeleg. Banken har eit særleg fokus på oppfølging av tapseutsette engasjement. Samla nedskrivningar for verdifall på utlån utgjer 45,4 mill. kroner per 3. kvartal og er ein auke på 5,4 mill. kroner frå årsskiftet. Misleghald og tap er ytterlegare spesifisert på side 4 i kvartalsrapporten.

Banken si portefølje av renteberande verdipapir klassifisert som omløpsmidlar utgjer 272,2 mill. kroner (sertifikat og obligasjonar). Banken har ei samla aksjeportefølje på 103,5 mill. kroner. Av dette blir ei portefølje av norske og utanlandske aksjar forvalta av eksterne forvaltarar som per 3. kvartal er bokført til 42,6 mill. Resten, 59,8 mill. kroner er aksjar bokført som anleggsmidlar. I tillegg har banken aksjar i tilknytte konserselskap (bl. a. Samarbeidende Sparebanker AS, BN Bank og Bank 1 Oslo) med til saman 82,8 mill. kroner. Aksjar i dotterselskap utgjer 35 mill. kroner.

Innskota ved utgangen av kvartalet er på 3.566 mill. kroner, og er ein auke på 160 mill. frå same tid i fjor. Omrekna i prosent er auken siste året på 4,7%. Utlåns- og innskotsutviklinga gjer at finansieringsgraden (innskot/utlån) ved kvartalslutt er på 70,6% mot 68,7% på same tid i fjor.

Banken har per 3. kvartal til saman 1.149 mill. kroner i eksterne innlån, 4 obligasjonslån på til saman 899 mill. kroner og 2 banklån pålydande til saman 250 mill. kroner. Av innlåna har 250 mill. kroner løpetid på under eit år. Banken har 50 mill. kroner i kommitterte trekkrettar med løpetid til august 2012. I tillegg kjem ein oppgjerskreditt på 40 mill. kroner.

Banken sin soliditet er god. Kapitaldekninga er på 17,85% ved utgangen av 3. kvartal og er godt over det lovmessige kravet på 8%, samt interne kapitalmål. Resultatet hittil i år er ikkje teke med i grunnlaget for utrekning av kapitaldekning. Delårsrekneskapen er ikkje revidert.

Framtidsutsikter

Fordelsprogram har vore eit satsingsområde for banken dei siste åra. I sommar har Finanstilsynet sett nærare på bankane sitt tilbud av fordelsprogram. Konklusjonen som kom tidlegare i haust, var at bankane i stor grad må endre praksis på området. Banken har bestemt seg for å droppe dei fleste fordelsprogram som har vore tilbydd dei siste åra. I samband med dette endrar banken prismodellen på kredittområdet der målet er å kunne få ein betre risikopris og ein betre rentemargin.

Innafor konsernet har det skjedd mykje i år. Eit større reorganiseringsprosjekt der målet er å samle banken sine eigarskap i 3 meklarselskap. Dette arbeidet er i ferd med å bli fullført, og i løpet av 4. kvartal vil eit samla selskap framstå som Eiendomsmegler 1 Fjellmegleren – med avdelingar på Geilo, Gol og i Hemsedal.

I det siste kvartalet har banken rekruttert inn 2 nye bedriftsrådgjevarar for å kunne auke veksten spesielt på Geilo og i Valdres. Dette er viktige marknadsområde for vidare ekspansjon innafor bedriftsmarknaden.

Hallingdal, 30.09.11/14.11.11

Kjell Vidar Bergo Ragnhild Kvernberg Kjell R. Kristiansen
Formann Nestformann

Sissel Bjørøen Vidar Isungset Mikael Fønhus Kristin Ourom

Resultatrekneskap 3. kvartal 2011 Tal i heile 1000 kroner

MORBANK					KONSERN					
Året 10	3. kv. 10	3. kv. 11	30.09.10	30.09.11		30.09.11	30.09.10	3. kv. 11	3. kv. 10	Året 10
231 210	59 887	61 408	172 400	177 206	Renteinntekter og liknande inntekter	175 706	170 369	61 189	59 113	228 544
124 778	32 388	34 125	92 344	99 390	Rentekostnader og liknande kostnader	99 523	92 309	34 186	32 325	124 673
106 432	27 499	27 282	80 056	77 816	Netto rente- og provisjonsinntekter	76 183	78 060	27 003	26 788	103 871
14 603	539	766	14 364	10 403	Utbytte og andre innt. av verdipapir med variabel avk.	16 457	21 756	3 499	7 696	30 589
37 790	9 608	9 458	28 101	27 767	Provisjonsinntekter og inntekter frå banktenester	27 767	28 102	9 459	9 608	37 790
2 141	677	894	1 629	2 183	Provisjonskostnader og kostnader ved banktenester	2 183	1 629	894	676	2 142
2 665	-16	-3 889	7 089	-2 045	Netto verdiendr. og gevinst/tap valuta og verdipapir	-2 045	7 089	-3 888	-16	2 665
2 297	452	207	1 756	604	Andre driftsinntekter	22 112	13 747	12 690	3 778	19 193
55 214	9 906	5 649	49 681	34 546	Sum andre inntekter	62 108	69 065	20 866	20 390	88 095
161 646	37 405	32 931	129 737	112 362	Sum driftsinntekter	138 291	147 125	47 869	47 178	191 966
62 330	17 702	17 863	40 476	50 928	Løn og generelle administrasjonskostnader	63 330	47 852	24 067	19 570	72 724
1 718	417	479	1 268	1 436	Avskrivningar mv av varige driftsmiddel	5 866	5 279	2 055	1 754	7 029
18 250	4 356	3 754	12 809	12 684	Andre driftskostnader	13 882	9 526	6 612	3 153	14 781
82 298	22 475	22 096	54 553	65 049	Sum driftskostnader	83 078	62 657	32 734	24 477	94 534
79 348	14 930	10 835	75 184	47 313	Resultat før tap	55 213	84 468	15 135	22 701	97 432
13 314	1 191	3 675	6 698	5 489	Tap på utlån, garantiar mv	5 489	6 698	3 675	1 191	13 314
-5 538					Nedskr og gev./tap på verdipapir haldne på lang sikt					-5 699
71 572	13 739	7 160	68 486	41 824	Resultat etter tap	49 724	77 770	11 460	21 510	89 817
15 222	3 800	3 900	19 100	12 600	Skatt på ordinært resultat	13 464	19 864	4 471	4 046	16 112
56 350	9 939	3 260	49 386	29 224	Resultat av ordinær drift etter skatt	36 260	57 906	6 989	17 464	73 705
					Minoritetens andel	0	89	0	73	115
56 350	9 939	3 260	49 386	29 224	Resultat	36 260	57 817	6 989	17 391	73 590

Nøkkeltal

	MORBANK			
	3. kv. 11	3. kv. 10	Året 10	Norm 10 *)
RENTABILITET				
Rentenetto i % av gj.sn forvaltn.kapital	1,82	1,90	1,88	1,77
Driftskostnader i % av driftsinntekter	57,89	42,05	50,91	
Driftskost. i % av gj.sn.forvaltn.kapital	1,52	1,29	1,46	1,27
Eigenkapitalrentabilitet (før skattekostnad)	7,17	12,30	9,53	
Eigenkapitalrentabilitet (etter skattekostnad)	5,01	8,87	7,50	9,13
Bokførte tap i % av brutto utlån	0,11	0,14	0,27	0,24
FINANSIERING				
Utlånsvekst (brutto) siste 12 mndr.	1,89	2,25	1,62	
Innskotsvekst siste 12 mndr.	4,69	1,66	0,73	
Innskot i % av brutto utlån	70,60	68,71	71,55	
Auke i forvaltn.kapitalen siste 12 mndr.	0,32	-2,16	1,15	4,75
SOLIDITET				
Netto ansvarleg kapital	761 344	705 637	763 059	
Kapitaldekning	17,85	16,79	17,79	17,00
Eigenkapitalprosent	14,21	13,65	13,34	8,71
Nedskrivning i % av brutto utlån	0,90	0,67	0,81	0,83

*) Byggjer på tal frå Bankenes sikringsfond for bankar med forvaltningskapital mellom 3 og 10 mrd. kroner

Balanse per 30. september 2011 Tal i heile 1000 kroner

MORBANK				KONSERN		
31.12.10	30.09.10	30.09.11	EIGEDELAR	30.09.11	30.09.10	31.12.10
24 094	21 853	14 619	Kontantar og fordringar på sentralbankar	14 619	21 853	24 094
306 718	121 896	44 414	Utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar	46 834	121 896	306 764
4 945 957	4 958 306	5 052 166	Brutto utlån til og fordringar på kundar	4 975 688	4 877 836	4 866 300
-21 097	-14 469	-24 547	- Individuelle nedskrivningar	-24 547	-14 469	-21 097
-18 900	-18 900	-20 900	- Gruppevise nedskrivningar	-20 900	-18 900	-18 900
4 905 960	4 924 937	5 006 719	Netto utlån til og fordringar på kundar	4 930 241	4 844 467	4 826 303
280 291	292 695	272 153	Sertifikat, obligasjonar og andre rentebær. v.papir	272 153	292 695	280 291
98 026	81 340	103 486	Aksjar, andelar og andre vp. med variabel avkastning	104 470	82 046	99 010
75 853	67 656	82 780	Eigarinteresser i tilknytta selskap	143 293	111 270	128 472
24 454	24 253	34 996	Eigarinteresser i konsernselskap	10	0	0
103	1 230	103	Immatrielle eigedelar	13 706	12 947	11 106
11 323	10 779	10 744	Varige driftsmidar	100 667	102 645	97 859
6 573	10 853	8 100	Andre eigedelar	8 100	10 853	6 573
28 328	29 866	27 036	Forskotsbetalingar og opptente inntekter	39 078	35 340	38 753
5 761 723	5 587 358	5 605 150	Sum eigedelar	5 673 171	5 636 012	5 819 225
			GJELD OG EIGENKAPITAL			
292 000	392 000	250 000	Gjeld til kredittinstitusjonar	251 548	392 643	292 598
3 538 958	3 406 753	3 566 611	Innskot frå og gjeld til kundar	3 564 128	3 403 249	3 535 088
1 123 239	923 053	899 210	Gjeld stifta v/ utsteding av verdipapir	899 210	923 053	1 123 239
23 251	33 230	25 520	Anna gjeld	32 611	35 108	26 435
7 858	63 203	59 882	Påkomne kostnader og forskotbetalte inntekter	61 443	65 768	9 452
7 693	6 424	7 693	Avsetningar til forpliktingar og kostnader	11 869	10 475	11 636
4 992 999	4 824 663	4 808 916	Sum gjeld	4 820 809	4 830 296	4 998 448
0	0	0	Minoritetsinteresser	0	326	352
0	0	0	Fond for vurderingsforskjellar	60 513	43 918	52 619
747 255	704 905	747 255	Annan eigenkapital	-11 420	-9 654	-918
21 469	8 404	19 754	Sparebanken sitt fond	747 255	704 905	747 255
0	49 386	29 224	Gåvefond	19 754	8 404	21 469
768 724	762 695	796 233	Resultat hittil	36 260	57 817	0
5 761 723	5 587 358	5 605 150	Sum eigenkapital	852 362	805 390	820 425
			Sum gjeld og eigenkapital	5 673 171	5 636 012	5 819 225
			POSTAR UTANOM BALANSEN			
586 637	581 848	639 471	Betinga forpliktingar	639 471	581 848	586 637

Misleghald og tap på utlån

Tal i heile 1000 kroner

	MORBANK		
MISLEGHALDNE LÅN	3. kv. 11	3. kv. 10	Året 10
Brutto misleghaldne lån	151 721	85 333	107 076
- individuelle nedskrivning	24 395	10 798	20 889
NETTO MISLEGHALDNE LÅN	127 326	74 535	86 187
IKKJE MISLEGH. LÅN MED NEDSKRIVING			
Brutto utlån	214	48 344	453
- individuelle nedskrivning	200	4 000	200
NETTO IKKJE MISL.H. LÅN M/NEDSKR.	14	44 344	253
TAP PÅ UTLÅN OG GARANTJAR			
Endring gruppe nedskrivning	2 000	2 000	2 000
Endring individuell nedskrivning	3 668	5 339	11 967
Konstatert tap i perioden	0	318	318
Inngått på tidl.konst. tap	-179	-959	-971
TILBAKEFØRING (-) / TAP I PERIODEN (+)	5 489	6 698	13 314

Telefon 03202
Faks 3202 3901
post@sb1.no
www.sb1.no
Foretaksregisteret
937 889 631

Kundesenteret
Postboks 33
3551 Gol
Forretningsadresse
Postboks 173
3571 Ål

Ål Postboks 173 3571 Ål
Geilo Postboks 13 3581 Geilo
Gol Postboks 33 3551 Gol
Hemsedal Postboks 23 3561 Hemsedal
Valdres Postboks 183 2901 Fagernes

SpareBank
HALLINGDAL

